



Det blir nytt utslepp frå Børnes

Asplan Viak har no utarbeida utsleppssøknad for Uskedalen basert på utvida utslepp frå Korsnes og nytt utslepp frå Børnes. Det har ikkje kome nokon kommentar etter annonseringa eller frå dei instansar som er varsla om søknaden. Konsulentfirmaet ber om at kommunen snarleg behandlar og godkjenner den før det kan sendast inn byggjemelding på det nye anlegget.

Alt avløp frå Uskedalen skal sanerast. Eksisterande leidningar og utslepp skal koblast inn på nye samleidningar og førast til slamavskiljarar før det blir ført ned på 30 meters djup. Overløpet blir ført ned til 10 meters djup.



Slik blir utsleppa markert i utsleppssøknaden

Utsleppet vil skje gjennom den eksisterande sjøleidningen ved Korsnes og ny sjøleidning på Børnes. Det blir lagt til grunn at det vil bli om lag 400 personar tilknytta avløpsanlegget på Korsnes og 865 på Børnes (skule, industri, bustader og hytter).

Reinseanlegga blir bygt som to slamavskiljarar. Anlegga blir bygt opp av tankar av betong eller betong eller glassfiberarmert polyester. Reinsinga skjer i tre kammer og i tillegg er det inkludert eit eige biologisk filter. Anlegga er dimensjonert for tømning ein gong i året og får eit samla volum på 186 kubikkmeter på Børnes og 86 kubikkmeter på Korsnes.

Det heiter i utsleppssøknaden at ein ved å samla opp og føra avløpet til eit djupt utslepp vil unngå tilgrising og forureining av bekkar. Med eit utslepp på 30 meters djup er det lite truleg at avløpsvatnet vil stiga opp til overflata

og laga sjananse i området. Eit enda djupere utslepp vil gje problem med ettersyn og drifting.

Ein slamavskiljar vil kunne føre til luktproblem avhengig av tilførselstilhøva. Særleg vil ein kunne oppleva ubehag med lukt under tømninga av slamavskiljaren.

Men for å redusera ulempene vil det bli bygt eit eige biologisk filter som lufta frå slamavskiljaren blir leia gjennom, blir det opplyst i søknaden.

Av Ola Matti Mathisen



.....og utvida utslepp frå Korsnes.